

Sekretariatet for kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon av næringsretta tiltak - resultat

Innleiande

I 2011 gjennomførte Deloitte ein forvaltningsrevisjon av dei næringsretta tiltaka i fylkeskommunen. Fylkestinget bad i oktober 2011 om at framlegg til tiltak i pkt. 6 i rapporten frå Deloitte vart gjennomførte. Fylkesrådmannen har tidlegare gitt kontrollutvalet ein statusrapport innan 1. mars 2012, og ein sluttrapport innan 31. desember 2012. Då Kontrollutvalet handsama sluttrapporten i sak 4/13 bad dei fylkesrådmannen om å orientere utvalet om resultatata av oppfølginga av prosjektet primo 2014.

Vi går her igjennom dei ulike punkta frå forvaltningsrevisjonsrapporten. Både utviklingsarbeidet, og det administrative arbeidet med internkontroll, rutinar og forbetringstiltak er prega av at arbeidet er forbettringsorientert. Vi vil difor jobbe vidare både med punkta som kom fram i rapporten og andre forbetringpunkt som vi sjølve identifiserarar.

Resultat

1. Vurdere om det er behov for å gjere endringar i organiseringa av forvaltninga av kompensasjonsmidlane

Sidan forvaltningsrevisjonsrapporten vart lagt fram er det skjedd ein del endringar på dette området. Det er gjennomført dialogmøter med INU-FSF (Den interkommunale næringsretta utviklingsordninga for kommunane Førde, Sogndal og Flora), og meir midlar er kanalisert til bedriftsretta støtte gjennom Innovasjon Norge. Den største endringa er at midlane frå 2013 vart lyst ut elektronisk gjennom www.regionalforvaltning.no, og at næringsavdelinga i fylkeskommunen har tatt over all sakshandsaming for INU-FSF. Gjennom utlysing på nett tek vi i bruk standardiserte skjema som bidrar til at søknadane lettare kan vurderast opp mot kvarandre. At fylkeskommunen tek seg av sakshandsaminga sikrar tett koordinering med anna sakshandsaming, og med gjeldande regelverk og retningslinjer.

Gjeldande kompensasjonsordning er forlenga til 1. juli 2014. Ved ei ny ordning vil vi evaluere ordninga vi har hatt til no, og ta med oss erfaringar frå dette arbeidet.

2. Sikre at sakshandsamarar har tilstrekkeleg kompetanse på EØS-regelverket.

Næringsavdelinga gjennomførte eit kurs i EØS-regelverket hausten 2012. Også deltakarar frå andre delar av organisasjonen var invitert til å ta del. I mars 2013 arrangerte vi kurs for kommunane med god deltaking. Sakshandsamarar frå fylkeskommunen var med på dette kurset.

Kompetansen om EØS-regelverket er heva, men vi må halde fram med slike kurstilbod til tilsette med jamne mellomrom. Dette er viktig både for å bygge vidare kompetanse hjå tilsette som tidlegare har hatt kurs, men også for å lære opp nye tilsette.

3. Vurdere om det i større grad er mogleg å nytte Tiltaksforum som ein arena for å få tilbakemeldingar på dei næringsretta tiltaka

Vi har lagt vekt på å nytte Tiltaksforum meir dialogretta. Vi nytta Tiltaksforum hausten 2012 til å be om synspunkt gjennom gruppearbeid. I 2013 hadde vi ikkje gruppearbeid, men la vekt på dialog etter innlegga. Vi sender elles ut questbackskjema etter kvar samling der vi ber om tilbakemelding på samlinga, men også på kva deltakarane ynskjer at vi tek opp neste gong.

Vi nyttar også andre arenaer enn Tiltaksforum for dialog. Vi har mellom anna arrangert eige høyringsmøte for ordninga med kommunale næringsfond. Partnerskapen blir involvert i arbeidet med verdiskapingsplanen, mellom anna gjennom arbeidsgrupper og høyringsmøter.

4. Sikre at det eksisterer tilstrekkeleg med møteplassar for å dekke koordineringsbehovet også med dei mindre sentrale samarbeidspartane

Regional plan for verdiskaping blir vedtatt i 2014. Gjennom arbeidsgrupper i arbeidet med verdiskapingsplanen er det lagt vekt på brei representasjon. Næringsforum er ein partnerskapsarena med administrative leiarar i partnerskapen. Her møtest sentrale aktørar, og fungerer som administrativ styringsgruppe for arbeidet med verdiskapingsplanen. Næringsforum vil ha ei sentral rolle i gjennomføringa av verdiskapingsplanen, og blir då supplert med fleire aktørar etter tema er på dagsorden.

Også på operativt nivå vil ei breidde av samarbeidspartnarar bli trekt med i arbeidet.

5. Iverksetje tiltak som kan bidra til ei forenkling og betre oversikt over verkemiddelapparatet

I innspelsmøte til verdiskapingsplanen i januar 2013 peika partnerskapen på at det samla næringsapparatet er uoversiktleg og at førstelinetenesta til kommunane må styrkjast. Gjennom plantema nyskaping blir det jobba med sjå på korleis næringsapparatet kan bli meir oversiktleg. Det blir også jobba med å lage ein verkemiddelpolitikk.

6. Sikre at ansvarsfordelinga mellom Næringsavdelinga og INU-FSF, og mellom Næringsavdelinga og programstyret for entreprenørskap og nyskaping, er tilstrekkeleg tydeleg

Ansvarsdelinga for INU-FSF er tydeleg og avklara mellom fylkeskommunen og NHO, og fylkeskommunen har tatt over sakshandsaminga for INU-FSF. Programstyret for entreprenørskap og nyskaping er lagt ned i tråd med at førre fylkesplanperioden er over.

I arbeidet med verdiskapingsplanen vert det laga forpliktande partnerskapsavtalar.

7. Vurdere om det kan vere føremålstenleg med ei sterkare koordinering og formalisering av samarbeidet med nokre av dei mindre sentrale samarbeidspartane

Sjå pkt. 4 og 6.

8. Sørgje for at informasjonen til kommunane er tilfredsstillande for å bidra til at førstelinetenesta er oppdatert innanfor næringsutviklingsområdet

På dette området er det gjort mykje dei siste åra. Gjennom kommuneprojektet som vert avslutta etter 2014 har vi gjennomført dialogmøte med nesten alle kommunane. Vi vil besøke dei siste kommunane i starten av 2014, og vi vil også framover jamleg ha dialogmøte i kommunane. Vi har også sett i verk ei rekkje kurs, mellom anna kurs i sakshandsaming, høgskulekurs i entreprenørskap og intraprenørskap (entreprenørskap i etablerte verksemder), prosjektleiing, og forretningsmodellering.

Gjennom dette arbeidet trur vi at kompetansen er auka, både hjå kommunane og hjå fylkeskommunen, og dialogen er blitt endå tettare.

Arbeidet blir tatt vidare også etter at prosjektet er avslutta. Vi vil halde fram med kurs og kompetansheving, og vi vil framleis ha ein tett og god dialog med næringsapparatet – der informasjonsflyten går begge veger.

9. Sikre tilstrekkeleg fokus på arbeidet med vidareutvikling av mål- og resultatstyrings-systemet, slik at dette blir eit godt system for evaluering av det næringsretta arbeidet

Målekartet er forbetra, gjennom ein større gjennomgang i 2012. I arbeidet med verdiskapingsplanen er det lagt stor vekt på å formulere gode mål, og få oppfølgingssystem der ein evaluerer arbeidet. Det er mellom anna lagt opp til årlege forbettringsorienterte dialogar. Det er arrangert eige dagseminar om målformulering for sekretæraane som har ansvar for dei ulike satsingsområda. Strategidelen i planen er no under utarbeiding av arbeidsgrupper, og sekretariat.

10. Vurdere om brukarundersøkingar kan nyttast for å hente inn informasjon om moglege forbettringspunkt i det næringsretta arbeidet

Trongen for brukarundersøkingar for innhenting av informasjon om moglege forbettringspunkt i det næringsretta arbeidet vert vurdert opp mot ulempene for brukarane ved for mange undersøkingar. Vi har gjennomført brukarundersøkingar etter kvart Tiltaksforum, og vil vurdere framover om det er trong for brukarundersøkingar utover dette, og det fylkeskommunen gjer for heile organisasjonen.

11. Etablere eit formalisert og overordna rammeverk for risiko- og vesentlegvurderingar i tilskotsforvaltninga

Fylkestinget har stilt krav til utbetring og formalisering av internkontrollsystemet til fylkeskommunen. Det er sett i gang eit eige prosjekt for å implementere betre internkontroll og risikovurdering. Administrasjonen rapporterer til kontrollutvalet på dette prosjektet som også dekker dei næringsretta satsingane. Vi viser difor til eigne rapportar om internkontroll.

12. Sørge for at det eksisterer tilstrekkeleg med system og rutinar for å sikre at dei som forvaltar tilskot på vegne av fylkeskommunen etterlever relevant regelverk

Vi har utarbeida eigne retningslinjer for verkemiddelbruk som gjeld både for dei næringsretta midlane som hovudutval for plan og næring forvaltar, og for INU-FSF. Ved at fylkeskommunen sakshandsamar saker også for INU-FSF meiner vi sakene blir betre kvalitetssikra mot gjeldande regelverk.

Når det gjeld kommunane som forvaltar kommunale næringsfond og omstillingsmidlar, så gjev vi informasjon både i tilsegnsbrev og eigne brev med eksempel på saker som blir vurdert til å ikkje vere i tråd med regelverket. Vi gjennomfører også kurs i sakshandsaming og i EØS-regelverket.

Når vi tildeler midlar til kommunale næringsfond har vi alltid ein gjennomgang av bruken førre året, og dersom det er feil bruk av midlar har kommunal og regionaldepartementet pålagt oss å sanksjonere. Vi hadde ei større runde på dette i 2013, der midlar ikkje blei trekt tilbake men der det blei sett fokus på vanlege brot på retningslinene.

Dette er eit arbeid vi ser må halde fram kontinuerleg.

Oppsummering

Forvaltningsrevisjonen peika både på ting som fungerte godt, og nokre punkt for vidare oppfølging. Som fylkesrådmannen peika på i høyringsrunden, var vi einige i dei fleste punkta som revisjonen peika på var utfordringar vi burde ta tak i. Fleire av punkta var vi også godt i gang med

å følgje opp. Det er tatt tak i alle punkta som forvaltningsrevisjonen peika på. Samstundes er fleire av punkta av ein slik art at vi jamleg må gjere vurderingar om ansvarsdeling, organisering og oppfølging er god nok.

Eit punkt det framleis står arbeid att på, er mål- og resultatstyringssystem. Vi jobbar no med ein verdiskapingsplan, og gjennom dette arbeidet vil vi utvikle eit godt mål- og resultatstyringssystem. Planutvalet har føresett at arbeidet skal vektlegge resultatorientering, mellom anna ved at det vert formulert klare mål, veldefinerte målgrupper, og at det vert lagt opp til effektiv organisering av arbeidet heilt fram til effektane av arbeidet kan målast. Dette vil vi følgje opp både i arbeidet med plandokumentet og i gjennomføringsfasen.

Med helsing

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Jan Heggheim
fylkesdirektør

Kopi til:

Hovudutval for plan og næring